

MIDTRE HOLSNØY GRUNNEIGARLAG

Steinberget 5917 Rosslund - Tlf.: 45066764 - e-post: bj-skin@online.no
heimeside: bj-skin.home.no/FISKE/Grunneigarlag.htm

Olje- og energidepartementet

Postboks 8148 Dep,
0033 Oslo

Gjeld klage på NVE sin tolking av konsesjon – merknad til NVE sitt innspel 07.12.07 Dykkar referanse 07/00101-4

Viser til vårt brev av 06.06.07 og utfyllande opplysningar i vårt brev sendt 12.10.07, der vi stiller oss uforståande til at NVE aksepterer at leidningen er lagt, etter vår meining, feil i høve konsesjonen. Den er ikkje skjult i elvebotnen slik konsesjonen seier at den skal vera.

I NVE sin uttale til Olje- og energidepartementet 07.12.07 seier NVE at dei ikkje har funne føringar i løyvet av 07.09.01 som skulle tilseie at tiltaka ikkje er gjennomført innfor ramma av vilkåra i løyvet eller detaljplanar som er godkjent. Dei seier også at verknadar av tiltaket er i samsvar med det NVE drøfta i "Bakgrunn for vedtak" datert 07.09.01. **Vi kan ikkje sei oss einig med NVE sin konklusjon og finn å måtta kommentera dette.**

Kommunestyret i Meland gav i 1999 uttale då søknaden til Salar var på høyring. Dei kunne tilrå tiltaket dersom det betydeleg store røret ikkje skulle vera synleg i elva. Dette har også NVE med som eit vilkår i konsesjonen datert 07.09.01.

På bakgrunn av at vilkåra i konsesjonen viser seg å ikkje vere følgt, så behandlar kommunestyret saka på møte 10.10.07 og gjer følgjande vedtak som blir sendt til NVE:

"Meland kommunestyre syner til sitt vedtak i møte 15.11.99, - uttale til søknad frå Salar Smolt AS om konsesjon for produksjon av settefisk.

Ett av vilkåra Meland kommune sette for å tilrå konsesjon var at den omsøkte ledningen skal sprengast/gravas ned i utløpet slik at den ikkje vert synleg frå land.

Leidningen vart lagt ned i 2006.

Etter dette har både Midtre Holsnøy grunneigarlag og andre innbyggjarar i kommunen meldt frå om at leidningen ikkje er lagt slik det er sagt i konsesjonen.

Komité for kommunalteknikk, miljø og landbruk har 25. september 2007 vore på synfaring og konstaterer at leidningen ikkje er lagt slik at den er skjult. Den er tvert i mot godt synleg enkelte stader, og er såleis både skjemmaende og til hinder for aktivitetar som fiske.

Rylandsvassdraget er eit verna vassdrag som er mykje brukt som rekreasjonsområde.

Meland kommunestyre ber NVE syte for at leidningen vert lagt i tråd med vilkåra gjeve i konsesjon av september 2001."

Dette vedtaket finn NVE ikkje grunn til å kommentera i sitt innspel til Olje og energidep. 07.12.07, men viser i staden til vedtak i Meland formannskap 19.04.01 og, ordførars svarbrev til ein partileiar, og kallar det for "kommunens kommentar til arbeidet"

Vi kan ikkje begripe at NVE no seier at det ikkje var noko tema at leidninga skulle gravast ned når dei 03.05.05 fekk brev frå Salar Smolt AS der det står: "...**Det vises ellers til en utrykkelig forutsetning om at den omsøkte inntaksledningen skal graves ned i elveløpet slik at den ikke blir synlig**"

Brevet er underteikna av styreformann i Salar Smolt AS Agnar E. Sundbotten. **Dette vedtaket har altså vore godt kjent for både Salar Smolt AS og NVE. Korleis kan NVE no konkludera med at dette ikkje har vore noko tema?**

Slik det står i konsesjonens bakgrunn for vedtak på side 19: "**sprengast gravast ned i elveløpet så ho ikkje vert synleg**" kan ikkje tolkast på anna vis enn at når ein ser ned i elva så skal ein ikkje kunna sjå Salar Smolt AS sin inntaksledning. For oss er det uforståelig at NVE meiner dette kan tolkast annleis. **NVE har ikkje tatt omsyn til kva dei sjølv har bestemt i konsesjonen.**

Heller ikkje dei godkjente arbeidsteikningane som syner røret sin plassering er fulgt i arbeidet.

På desse teikningane viser det at røret skal ligge under elvebotnen og at avstanden mellom vassflate og topp på røret skal vera min. 1m.

I NVE sitt brev til Olje- og energidepartementet 07.12.07 står det om sprenging under vegbrua, og der kjem det fram at det alikevill var vurdert å sprengje djupare for å skjule leidninga under botnen. Der står: **"Å gjennomføre ytterlegare sprenging i terskelen under brua for å kunne legge leidningen "under botnen", vart av rådgivande ingeniørar for tiltaket omtalt som eit arbeid med høg grad av fare for at dei oppmura gamle brukara under vegbrua kunne rase ned."** Dette er ein dårleg unskyldning for at ledningen ikkje er lagt djupare. Målinger viser at under brua er avstand frå vassflata til toppen av leidninga 0,9m. medan lenger oppe i elva, der det ikkje er fare for utrasing, er avstanden berre 0,55m. Dessutan blei det bora ned jernstenger og støpt forstøttningsmur på begge brukara for å unngå utrasing. **Å her legge skylda på tekniske moment er meningslaust da det er nettopp under denne brua at røret er sprengt djupast ned.**

Vil også trekka fram at NVE skriv i sitt innspel at Rylandsvassdraget kom med i suppleringa av verneplan for vassdrag i 2006. Etter det me kan sjå på NVE sine eigne heimesider, vart suppleringa av verneplan for vassdrag vedteken i stortinget 18. februar 2005. **Salar Smolt AS sitt gravearbeid i elva vart altså påbegynt 2 månadar etter at vassdraget vart verna.**

Når vi ser alle desse uriktige opplysningane i NVE sitt innspel, lurar me på om dei i det heile har satt seg inn i saka.

På bakgrunn av brev og informasjon på møter gjekk vi ut frå at elvebotnen skulle vera planert og utan eit stort røyr liggande oppå. Dette var også eit av Meland Kommunestyre sine vilkår for å kunne tilrå at røret vart lagt i elva. Vi føler oss no ført bak lyset av både Salar Smolt AS og NVE.

- Vi kan ikkje gå med på at NVE no aksepterer arbeidet som er utført i elva når dette er strid med konsesjonen.
- Vi ber om at NVE må gjera om sin konklusjon om at tiltaka er gjennomført innfor ramma av vilkåra i løyvet eller detaljplanar som er godkjend.
- Vi ber om at Salar Smolt AS vert pålagt å utføra arbeidet slik det står i konsesjonen: **"Leidninga skal sprengast/gravast ned i elveløpet slik at ho ikkje vert synleg"**

07.01.08

For Midtre Holsnøy Grunneigarlag

Bjarte J. Skintveit
Leiar

Kopi til
Meland Kommune v/rådmann